

Arkivnr: 2017/877-6

Saksbehandlar: Solveig Lohne Rongved, David J. Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 16.05.2017 |

Tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne**Samandrag**

BARK er Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK). Gjennom Hordaland fylkeskommune har kommunane høve til å søkja midlar frå Riksantikvaren gjennom dette programmet. Desse søknadene vert årleg handsama av KIRU i desember eller januar før oversending til Riksantikvaren. Som med dei fleste statlege midlar er det krav om 50% eigenfinansiering for å kunne søkje på desse midla. I sak 95/2015 vedtok Fylkestinget å setje av kr 200.000- årleg til arbeidet med BARK. Fylkeskommunen ynskjer å fokusera på arbeidet saman med kommunane, og å stø oppunder lokale prosjekt. Det er mange gode tilretteleggingsprosjekt i Hordaland, men større prosjekt er krevjande for kommunane å starta opp. Hordaland fylkeskommune ynskjer å stimulera til eitt større «fyrtårnprosjekt» i Hordaland. Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vedtok difor i PS 162/2016 å slå saman budsjettmidlar til BARK for 2016 og 2017 for å lya ut samla sum kr 400.000,- som skulle tildelast eitt eller maksimalt to større «fyrtårnprosjekt» i Hordaland.

Målgruppa har vore kommunane i Hordaland.

Det er komme inn tre søknader til ordninga. Alle søker om den fulle utlyste tilskotssummen, kr 400.000,-.

| Generelt | |
|----------------------------|--|
| Budsjett 2016 og 2017 | 400.000,- |
| Søknadsfrist for tildeling | 1. april |
| Vedtatt kriteria | Kriteria fastsatt av KIRU 6.12.2016, sak PS 162/2016 |
| Informasjon om ordninga | Nettstad og epost til alle kommunane i fylket |

| Eingongsutlysning BARK midlar 2017 | |
|---|------------|
| Tal på søknader | 3 søknader |
| Tal på søknader som er tilrådd stønad | 1 søknad |
| Midlar til fordeling | 400.000,- |

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga

Fylkesrådmannen har i vurderinga lagt vekt på at målet er å stimulera til eit fyrtårnprosjekt i Hordaland. I vurderinga av kor vidt alle midla skulle tildelast eitt prosjekt eller om det var aktuelt å dela midla på to prosjekt, er det lagt vekt på at prosjektet «steinalderstien» har klart størst potensiale som fyrtårnprosjekt. Eit stort ambisjonsnivå medfører større kostnader. Prosjektet er i startfasa for innhenting av finansiering, og

ved å gje alle midla til eitt prosjekt vil Hordaland fylkeskommune gje eit solid bidrag og eit tydeleg signal om at prosjektet er høgt prioritert.

Det vert teke atterhald om at det skal liggja føre skriftleg avtale med grunneigar før tilskotet vert utbetalt.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 400.000,- over budsjettpost 400.650. «tilskot til skjøtsel og formidling av automatisk freda kulturminne – BARK».

| | Namn på søkjar | Namn på prosjektet | Tilråding |
|----|-------------------|--|-----------|
| 1. | Austrheim kommune | Steinalderstien | 400.000,- |
| 2. | Bømlo kommune | Sokkamyro | Avslag |
| 3. | Sund kommune | Formidling og tilrettelegging av Skaganeset og Kvalvågen | Avslag |

2. Dette tilskotet kan ikkje nyttast til skogrydding.
3. Tilskotet vert gitt for ein periode på to år. Årleg rapportering om framdrift skal gjennomførast innan 1. november kvart år. Tilskotet kan forlengast dersom det vert avtalt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Skildring av søknader til BARK
- 2 Søknad Austrheim kommune - Steinalderstien
- 3 Søknad Bømlo kommune - Sokkamyro
- 4 Søknad Sund kommune - Skaganeset og Kvalvågen

Fylkesrådmannen, 28.04.2017

Jamfør PS 162/2016 vedteke i Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) 6.12.2016 skal prosjektet ha kvalitetar innan:

- Fysisk tilrettelegging med fokus på universell utforming
- Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi
- Folkehelse
- Samarbeid og heilskapleg planlegging

Det vart vedtatt at midla skulle tildelast eitt eller maksimalt to større prosjekt. I tillegg er det spesifisert i saka at målet er å stimulera til eit fyrtårnprosjekt innan tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne i Hordaland.

Sterke verneinteresser og særskild kulturminneverdi

Alle dei innkomne søknadene omhandlar tilrettelegging av område der det er sterke verneinteresser og særleg kulturminneverdi. Dei tre aktuelle kulturminneområda er unike på kvar sin måte, og er alle eigna til å formidla viktige og særskilde delar av forhistoria. Verneinteressene er sterke i alle tilfella, og alle kulturminna er viktige nasjonale og regionale minne.

Samarbeid og heilskapleg planlegging

Alle prosjekta har gode kvalitetar innanfor samarbeid, og viser planlegging retta mot særskilde grupper, som til dømes skuleelevar. Det er vist heilskapleg planlegging i form av samarbeid med til dømes museum og fagmiljø, turlag, organisasjonar, friluftslivsorganisasjonar, og så vidare (i ulike prosjekt).

Folkehelse

I vurderinga er det lagt vekt på moglegheita til å koma ut i naturen, til dømes ved at delar av ein tursti er gjort tilgjengeleg for alle. Det er òg lagt vekt på naturopplevinga og moglegheita til å oppleva kulturminna i terrenget. Med dette perspektivet er det to av prosjekta som skil seg ut. Her er det planar om turstiar til utkikkspunkt der ein vil få overblikk over eit landskap. I begge prosjekta passerer stien buplassar frå steinalderen og utsikten frå utkikkspunktet vil vera eigna til å formidla kulturminna i landskapet i tillegg til å gje naturopplevingar.

Fysisk tilrettelegging med fokus på universell utforming

Det er lagt særleg stor vekt på dette punktet. Universell tilgjengeleggjering av arkeologiske kulturminne er ofte vanskeleg og kostbart grunna det sterke vernet slike kulturminne har, med tilhøyrande restriksjonar på inngrep i marka og val av trasé. Det krev god planlegging i samråd med kulturminnemynda for å finna gode løysingar som ivaretek vernet samstundes som ein finn ei god løysing for tilgjengeleggjering. Slike kulturminne er ofte vanskeleg tilgjengeleg, særleg der det er snakk om større mange kulturminne i eit kulturlandskap som er lite påverka av moderne inngrep. Tilgjengeleggjering for alle er difor svært positivt.

Fyrtårnprosjekt

Med omgrepet «fyrtårnprosjekt» er det lagt vekt på at prosjektet skil seg frå andre prosjekt ved at det til dømes har arkitektoniske verdiar, er meir omfattande enn andre, og har høgare ambisjonsnivå og med det større overføringsverdi til andre.

Innkomne søknader

| | Søkjær | Prosjekt-namn | Om prosjektet (ifølgje søkjær) | Totale utgifter | Omsøkt |
|---|-------------------|-------------------------|--|-----------------|-----------|
| 1 | Austrheim kommune | Steinalderstien | UU-rampe til plastøypt utkikksplass. Skilt. Busslomme og handikapparkering | 5.731.859,- | 400.000,- |
| 2 | Bømlo kommune | Sokkamyro | Digital formidlingsapp med auka røynd (augmented reality) og UU-tilkomst | 600.000,- | 400.000,- |
| 3 | Sund kommune | Skaganeset og kvalvågen | UU-grussti til utkikkspunkt. Skilt og app.formidling. | 1.535.000,- | 400.000,- |

Det er komme inn tre søknader til ordninga, frå Austrheim, Bømlo og Sund kommune. Dei innkomne søknadene er skildra i vedlegg til saka, der det òg er gjort greie for fylkesrådmannen si grunngjeving til kvar søknad.

Samla vurdering

Prosjekta er vurdert opp mot kriteria vedtatt i PS 162/2016. I vurderinga av søknadene er dei ulike kriteria vekta etter følgjande poengvurdering:

| 1 | 2 | 3 |
|----------------------|---|-----------------|
| Treng meir utvikling | Er gjennomtenkt men treng større detaljgrad | Fyller kriteria |

| | 1.Steinalderstien | 2.Sokkamyro | 3.Skaganeset og Kvalvågen |
|---|-------------------|-------------|---------------------------|
| Verneinteresser og kulturminneverdi | 3 | 3 | 3 |
| Samarbeid og heilskapleg planlegging | 3 | 3 | 3 |
| Folkehelse | 3 | 2 | 3 |
| Fysisk tilrettelegging med UU | 3 | 1 | 2 |
| Fyrtårnprosjekt | 3 | 1 | 1 |
| Sum poengsum | 15 | 10 | 12 |